



Bente Kopperdal Hervik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/240 - 19/9252

Saksbehandlar:

Ingrid Didriksen

ingrid.didriksen@rady.kommune.no

Dato:

07.06.2019

## Oppdatert søknad om idrettsfunksjonell godkjenning - etappe 3 og lysanlegg

Det er gitt ein idrettsfunksjonell godkjenning for turløypa på Manger datert 19.09.2016. Denne vart endra i 28.08.2018 pga. av endringar i etappe 2. Turløypa skal byggast i tre trinn. Byggetrinn 1 er ferdig, byggetrinn 2 vart ferdig vår 2019, mens byggetrinn 3 er planlagt bygd i 2019. Denne oppdaterte søknaden gjeldt i hovudsak etappe 3 då det er gjort endringar i løypetraseen til etappe 3. I tillegg er det planlagt å etablere lys langs heile turløypa.

Etappe 3 er på totalt om lag 570 meter. Heile turløype slik den er planlagt per dags dato har ein lengde på om lag 1890 meter. Etappe 3 går frå austsida av idrettsbane og opp i skogsområdet på baksida av Radøyhallen. På vestsida av Radøyhallen skal det etablerast eit avstikk til etappe 1, sjå vedlagt situasjonsplan. Turløypa heller ned mot eksisterande asfalterrert terreng bak Radøyhallen og kryssar veg som går ned mot Nesvatnet. Vidare så stiger den opp i haugen på austsida av Radøyhallen. Turløypa kjem så inn på eksisterande gangveg som går mot Prestmarkvegen. Turløypa føljer så Prestmarkvegen eit lite stykke (fungerer også som fortau) før den går inn i terrenget igjen. Turløypa går inn på eksisterande veg som ledar ned mot Nesvatnet.

Etappe 3 er vist i vedlagt situasjonskart (Vedlegg 1). Lengdeprofiler er vist i vedlegg 2, og murprofil for mur langs idrettsbana finnast i vedlegg 3. Situasjonskart som syner heile turløypa er vist i vedlegg 4. Tverrprofiler er også lagt ved (vedlegg 5 til 9).

Mellan pel ca. 130-210 heller løypa ned mot eksisterande asfalterrert område, for så å stige opp gjennom skogsområdet. I dette området er det løypa lagt med brattare stigning enn det som er ønskeleg for turløypa. Dette for å unngå store terrengeingrep. Under byggeperioden skal entreprenør prøve å tilpasse dette best mogleg slik at minst mogleg stigning oppnåast. Det er tilerettelagt med stikkvegar vegar slik at dei i rullestol, med barnevogn m.fl. kan kome seg inn/ut av løypa fleire stader. Mellom anna kan ein nytte gangveg som går forbi Radøy ungdomsskule.

---

### Post

postmottak@rady.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.rady.kommune.no](http://www.rady.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

Radøy kommune har også vore i kontakt me Fylkeskommunen, og påpekt utfordringane med å få til mindre stigning utan store terregn inngrep. Tilbakemeldinga frå fylkeskommunen var at de ikkje er imot at turløypa på de utsatte stadane vert tilpassa terrenget, sjølv om det ikkje er ideelt.

Den andre endringa gjeld lysanlegg. Lysanlegg gjer at løypa kan verte meir brukt. Løypa vert då meir tilgjengeleg og tryggare, spesielt om vinteren. Kostnadsoverslaget vert dermed oppdatert:

Entreprenørarbeid med turløypa	Kr. 4 500 000,-
Rydding av løypa og liknande	Kr. 500 000,-
Lysanlegg	Kr. 1 000 000,-
Prosjektering/byggjeleiing	Kr. 300 000,-
SUM	Kr. 6 300 000,-

Finansiering av anlegget vert dermed også oppdatert:

Eigenfinansiering	Kr. 4 200 000,-
Spelemidlar	Kr. 2 100 000,-
Dugnad	Kr. 500 000,-

Med helsing

Ingrid Didriksen  
Prosjektleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

- Vedlegg 1, Situasjonsplan
- Vedlegg 2, Lengdeprofil
- Vedlegg 3, Murprofil
- Vedlegg 4, Situasjonskart som syner heile loypa
- Vedlegg 5, TVERRPROFILER 0-120
- Vedlegg 6, TVERRPROFILER 150-270
- Vedlegg 7, TVERRPROFILER 300-390
- Vedlegg 8, TVERRPROFILER 420-570
- Vedlegg 9, TVERRPROFILER 600-630

**Kopi til:**

Stian Marøy

**Mottakarar:**

Bente Kopperdal Hervik